

Juletradisjonane fekk liv på Rød

08.12.2009



Andreklassingane hadde ei stor oppleving på Rød. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sunnhordland Museum har i bortimot 30 år gjeve juletradisjonane liv i ei museal ramme. Bjørn Arve Lunde som er ansatt ved museet på Stord og Helen Petersen frå Halsnøy Kloster er no i aksjon med det kjende og kjære programmet rundt i distriktet og tysdag kom turen til Bygdetunet på Rød.



Golv-vasken er viktig. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Der hadde andreklassingane frå Bringedalsbygda og Uskedalen ei festleg og lærerik stund. Det skuldast ikkje minst dei sprudlende lærarane som har eit eit høgt utvikla skodespelartalent!



Lærar-duoen var flinke pedagogar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men kvitor andreklassingane?

- Fordi det rett og slett er den rette alderen for eit slikt program,. I den alderen er ungane så lekne og lette å engasjera, svara Bjørn Arve og Helen. Og ein skulle ikke vera fluge på veggen lenge for å sanne at dei hadde rett, her var det sanneleg ikkje nødvendig med mykje instruksjon!



Lysproduksjonen gjekk greitt unna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Først var det ein liten skuletime om førebuingane til jula i gamal tid.

- I mange tusen år har folk feira lysfest rundt 21. desember då sola snur. Men eigentleg snur ho slett ikkje, det er jorda som gjer det. Og nokre dagar seinare er det bursdagen til Jesus, sa Bjørn Arve som også fortalte om alt dei trudde på i gamle dagar.



Klart for julevask i stampen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Deretter fekk elevane eit innblikk i alt strevet dei hadde før med å gjera alt klart til jul. Eit spontant JA var svaret då dei vart spurde om dei ville hjelpe til. Klassa vart delt i tauser og drenger, som "på liksom" hogg ved, baka flatbrød, bar vatn og vaska klede og golv. Og så laga dei lys.

-Jentene skal baka flatbrød, sa ein elev, men lærarane gjorde det klart at jentene i våre dagar skal vera gutar og omvendt med omsyn til arbeidsoppgåver.

Karding, spinning og strikking av julegåver var også ein viktig post på programmet før dei rodde ut etter juletorsken. For ikkje å snakka om kroppsvasken i stampen!

Så kunne endeleg julefreden seinka seg over Rød, med torskemiddag, presangutdeling, song, munnharpespel og eventyforteljing. Og så fekk fjøsnissen graut i smia.

Det er ikkje tvil om at andreklassingane kjem til å hugsa Rød-besøket svært lenge sjølv om det heile var ein leik. Helen og Bjørn Arve prisa på si side Bygdetunet i Uskedalen som ein ideell stad for slike program. Der er det lett å gjera historia levande,

Av Ola Matti Mathisen